



Statens vegvesen

Bø kommune i Telemark
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

Behandlende enhet:
Region sør

Saksbehandler/telefon:
Pål Helge Paulsen / 90227038

Vår referanse:
18/28583-10

Deres referanse:

Vår dato:
27.08.2018

Rv. 36 Gvarv – Mannebru, varsel om oppstart av planarbeid

Statens vegvesen er i gang med å utarbeide detaljreguleringsplan for ny g/s-veg mellom Gvarv og Mannebru. Aktuelt planområde vil liggje i både Sauherad og Bø kommunar jf. vedlagte kartskisse. Vi ber med dette om innspel til planarbeidet.

Omtale av prosjektet

Målet for planarbeidet er å sikre tryggare ferdsel for mjuke trafikantar langs rv. 36 mellom Gvarv og Bø. Det manglar 4 km g/s-veg for å få kontinuerlig g/s-veg i frå Gvarv til Bø. Rv. 36 er ein trafikkert veg som gjer det utfordrande å ferdast for mjuke trafikantar. Planprosessen må avklare plassering av g/s-veg og utforming av kryssingspunkter over veg og jernbane. I forslag til handlingsprogram (NTP) er det avsett midlar for gjennomføring av planen i 2023- 2024.

Det er gjennomført førehandskonferanse med Sauherad og Bø kommunar, og det er førebels konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU) iht. Plan- og bygningslova § 12-9. Dei tema som er omtala i *Forskrift om konsekvensutgreiingar* vil likefullt bli vurdert i samband med planprosessen.

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at eventuelle innspel eller andre relevante opplysningar til planarbeidet sendast til oss innan 28.09.2018. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til:

- **Statens vegvesen, region sør, Postboks 723 Stoa, 4808 Arendal** eller med e-post til: firmapost-sor@vegvesen.no.

Kopi sendast til:

- Sauherad kommune, Idunsvoll 3, 3812 Akkerhaugen (postmottak@sauherad.kommune.no)
- Bø kommune, postboks 83, 3833 Bø i Telemark (postmottak@bo.kommune.no).

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 ARENDAL

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-sor@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Århusmoen
3840 SELJORD

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det vil bli gjennomført eit opent informasjonsmøte om planarbeidet på Brenna Landbrukets hus) den 13.sept. kl 1800.

Når vi har utarbeidd eit utkast til reguleringsplan, kjem vi til å halde eit ope møte *eller* ein open kontordag der vi presenterer planutkastet. Planforslaget vil etter dette bli slutført og sendt til Sauherad og Bø kommunar for vidare sakshandsaming. Det vil kome nærare informasjon om dette, sannsynlegvis i løpet av våren 2019.

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen blir utarbeidd etter §§ 12-3 og 3-7.

Det vil bli utført grunnundersøkingar i planområdet. Dette arbeidet er heimla i oreigningslova § 4.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Pål H. Paulsen på telefon 90 227 038 eller e-post: palpau@vegvesen.no

Telemark vegavdeling
Plan- og forvaltningsseksjonen
Med hilsen

Eivind Gurholt
seksjonsleder

Pål Helge Paulsen
planleggingsleder

Vedlegg:

- Adresseliste og kartfigur
- Referat i frå førehandskonferanse (til off. instansar)
- SOSI-fil, plangrense i Euref 89 UTM-sone 32 (til off. instansar)

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.